

Årsmelding for Øvre Naustdal Utmarkslag – 2014.

Styret har i 2014 vore samansett slik:

Normund Svoen – leiar

Odd Vonen – nestleiar

Kjell Klopstad – sekretær

Arne Dvergsdal –styremedlem

Gudmund Eimhjellen - styremedlem

Rekneskapet er ført av Karen Marie Elvik Svoen

Revisorar:

Olav Svoen og Kjetil Fimland .

Valnemnd:

Marius Nes, leiar og Inge Svorstøl

Kontaktpersonar

Vernesaker: Olav Svoen

Villrein : Atle Fimland

Stimerkingsprosjektet ”Over stokk og stein”: Arne Dvergsdal

Styremøter

Styret har hatt 3 møter og behandla ca. 22 saker. I tillegg har der vore kommunikasjon over telefon, tekstmeldingar og epost. All aktivitet har etter kvart vore dokumentert på nettsida vår.

Arrangement/ Prosjekt som laget har vore inne i siste året:

- **Årsmøte** Arrangering av årsmøte 01.03.14 - Instedalen skule. 15 medlemer møtte. Årsmøtet blei nok ein gong arrangert i samarbeid med Instedalen Storvald som hadde sitt årsmøte rett i etterkant.
- **Fiskekortslag og båtutleige.** Det blei for sesongen 2014 vidareført sjølvbetjening av fiskekort for ØNU sitt område. Bokser med fiskekort på Fimlandsbua, i Nesstranda ved vegen mot Teigavatnet, på Nestunet og ved Vonavatnet. I tillegg var det lagt ut kort på Longevasshytta. I sesongen blei det også vidareført utleige av båt både i Svo-/Nesvatnet og i Vonavatnet. Garn kunne hentast hos Olav R. Fimland på Nes. Den gode og lange sommaren har medført stor bruk spesielt av Svobrua friluftsområde men også utleigebåtane, og tilboda elles bl.a. ved Vonavatnet har vore i flittig bruk. Alle avgifter blei betalt direkte til bank, men det skulle leggst kvitteringslapper att i boksane. Sjølvbetjeninga også for sesongen 2014 har fungert bra og inntektene av salget har vore stabilt. I det store og heile har dei som har forsynt seg med fiskekort betalt på nettbank i etterkant – for detaljer sjå rekneskapen.

- **Stiprosjekt. Prosjektet "Over stokk og stein"** er fullført men Instedalsprosjektet har vidareført noko arbeid med merking av stiar samt oppsetting av informasjonstavler. Utmarkslaget merka i august den gamle ferdselsstien mellom Svoa og Maristeinen ved Gjengdalskkaret. Det blei også sett opp skilt og informasjonspalke med kart. Instedalsprosjektet dekkar materialutgifter ved merkinga. Stien var mykje i bruk utover hausten og har fleier ganger vore omtalt på Fb-sida «Merka turstier i Naustdal». Utmarkslaget har saman med områdeforvaltar Alf Erik Røyrvik gått opp stien mellom parkingsplassen ved Vonavatnet til den treffer kloppestien ved inste enden av Vonavatnet. Midler frå LV området vil finansiere deler av utgiftene til opparbeiding av stien – noko som er planlagt gjennomført sommaren 2015.
- **Vidareføring av betalingsparkering ved parkeringsplassen ved Vonavatnet.** Ordning som ved fiskekort og båtlege med innbetaling over nettbank. Priser: kr. 20,- pr døgn, kr 100 pr. veke, kr 200,- pr. år. Det blei på årsmøtet 2014 tatt opp om medlemmer i Utmarkslaget skulle betale for parkering ved parkeringsplassen ved Vonavatnet. Bakgrunn var at parkeringsplassen blei finansiert av randsonemidlar som blei tildelt Utmarkslaget som ein kompensasjon for ulemper ved oppretting av LV området – og dermed bl.a skulle komme grunneigarar i LV området til gode. Det blei vedteke at styret skulle avgjere saka. Eit fleirtal i styret vedtok at hovudmedlem for kvar grunneigar skulle få fri parkering. Det blei laga nye parkingsbilettar med avkrysningsfelt for dette alternativet. Parkerande har stort sett vore lojale mot ordninga og betalt avgifta. Det har vore eit visst tilsyn med ordninga – bl.a. ved å legge ut betalingslapp på bilar der ikkje parkeringslapp er fylt ut, men det blir ikkje skriva ut gebyr. Inntektene frå parkinga har stort sett holdt seg oppe - jfr rekneskapen.
- **Dialog vedr muleg opparbeiding av traktorveg mellom Steinbakken og Nesstølen**
I forskrifta til LV området er det opna for å søke om å bygge ein traktorveg inn i LV området til Nesstølen. Der låg ingen økonomi i prosjektet og blir difor eit tungt økonomisk løft for interessentane å bygge vegen. Der er nedsett ei arbeidsgruppe som har jobba med saka. Styret i Utmarkslaget har hatt ein dialog med gruppa samt at saka blei fronta i den muntlege høyringa til ny forvaltingsplan for LV området. Styret vil stille på møter og støtte prosjektet der det er naturleg atter anmodning frå arbeidsgruppa.
- **Fiskeundersøking i Vonavatnet.** Utmarkslaget gjennomførte sommaren 2014 eit omfattande prøvesfiske i Vonavatnet. Ola og Britt Kringlen var dei som stod for den største kontinuiteten i arbeidet, men mange frivillige frå grunneigarar og andre deltok i arbeidet. Omfattande dokumentasjon av dette arbeidet har vore lagt ut på nettsidene våre. Biolog Harald Sægrov har vore rådgivar for oss i arbeidet. 31.10 vart det arrangert eit møte ved Instedalen skule om prosjektet der Sægrov var tilstades. Det blei bestemt at utmarkslaget skal følge råd gitt i rapporten til Sægrov om utfisking av 40000 røyr i løpet av sesongen 2015 og 2016. Ein trenar utfisker har meldt si interesse for å foreta hovudarbeidet i løpet av ei veke våren 15 og to veker i gyttesesongen. Ola Kringlen har sagt seg villeg til å vere leiar for prosjektet. I tillegg blei det vedteke å gjennomføre noko helgafiske med garn først på sesongen 2015 samt utsetting av rusa i gyttesesongen 2015 – begge tiltaka på dugand. Prosjektet er

kostnadsrekna til kr 90.000. Gjennomføring av prosjektet er avhengig av finansiering og det er søkt ei rekke instanser om midlar. I skrivande stund har vi fått tilsagn om halve finansieringsbeløpet frå ein av organisasjonane vi har søkt støtte frå. Der er fleire søknader ute der vi enno ikkje har fått svar. Om det er nødvendig er styret i Utmarkslaget innstilt på å bruke noko av midlande våre på prosjektet.

- **Hengebrua over Nausta ovanfor Dettefossen.** Prosjektet var eit av tiltaka som blei prioritert av medlemmane i den gang Naustdal jakt og fiskelag sone 4 ifht bruk av randsonemidlar tildelt frå LV områdemidlar. Det blei ikkje pengar til tiltaket, men seinare prioritert opp av styret som eit av prosjekta som skulle jobbast med i 2014. Etter dialog med områdestyret for LV området fekk vi innvilga kr 10000.- til prosjektering. Det blei innhenta tillattelse frå grunneigarane om å gå vidare med utgreiinga av prosjektet under fylgjande vilkår:
 1. Brua skal kun brukast som gangbru.
 2. Den skal vere stengt for drifting av fe.
 3. Den skal vere stengt for motorkøyretøy
 4. Den skal vere stengt med port/grind på begge sider i beitesesongen.
 5. Det skal ikkje opparbeidast veg til brua - kun vanleg gangsti.

Styret i Utmarkslaget gjennomførte etter dette fylgjande undersøkingar

- Naustdal kommune ved Arne Kringlen gjorde landskapsundersøking med berekning av høgde og lengde av brua
- NVE gjorde synfaring og kunne tilrå prosjektet
- Det blei gjort synfaring med entreprenør og etter noko tid kom eit anbud på totalkostnader for bygging av brua som var innanfor det som styret i Utmarkslaget meinte var muleg å skaffe finansiering for
- Kontakt med Naustdal kommune vedr korleis ein skulle gå fram ved evt. søknad om byggeløyve. Det må søkast både byggeløyve og dispensasjon frå kommunedelplan Vona der det vil påløpe ein del kostnader.
- Oversending av papirer til grunneigarane med anmodning av skriftleg aksept for at ØNU kan bygge hengebrua.

Grunneigarløyve er enno ikkje i orden, og saka blir dermed utsett på ubestemt tid.

- **Trekning av reinsdyrløyver.** Trekninga blei utført 20.07. Det blei aukakvoter i år og Naustdal fekk tildelt 4 dyr. Blant søkarane for kvoten til Øvre Naustdal Utmarkslag blei desse trekt ut:
Olav Svoen - stor bukk
Odd Vonen - ung bukk
Torstein Svorstøl – kalv
Asle Grimset – kalv
Alle dyra blei felte.
Atle Fimland som er ØNU sin kontakakt i villereinsaker, har gjort eit stort arbeid i oppdatering av grunneigarlister når det gjeld villreinjakt i Instedalen. Desse listene er identisk med medlemslistene for ØNU.

- **Hjortebørsen 2014**

Også i 2014 blei «Hjortebørsen» på nettsidene våre oppdatert etter oppgåver som vi fekk frå styret i Instedalen Storvald. Ein prøvde å oppdatere tala regelmessig så lenge det blei skote dyr. Som vi kjenner til var der også i år varierende grad av avskyting. Børsen er oppdatert pr. 31.12.14 og viser at totalt felte dyr var 24 av ei kvote på 54 dyr. Viser elles til oppsummering i årsmøtet for Instedalen Storvald.

Deltaking i nemder og utval.

Rådgivande Utval i Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde - Olav Svoen representerer Utmarkslaget og har deltatt på fleire møter. Han er også representant i villreinutvalget.

Styringsgruppa for næringsutvikling i Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde – Gudmund Eimhjellen og Arne Dvergsdal sit som medlemmer. Det har vore fleire møter. I den seinare tid også fleire møter vedr turistnæringsutvikling for heile Naustdal kommune der medlemmer frå Utmarkslaget har delteke.

Fondsstyret for Utviklingsfond for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde – Normund Svoen representerer Utmarkslaget her med Kjell Klopstad som vara. Ingen møter i 2014 men ein del epost dialog.

Prosjekt som Utmarkslaget arbeider med i 2015 er:

- Vidarføring av utfiskingsprosjektet i Vonavatnet
- Finansiering/utbetring av kaia ved Vonavatnet – arbeidet blei ikkje fullført i 2014 og går vidare til 2015. I staden for å bruke støyp på overflata har styret bestemt at det skal brukast steinheller.
- Stiprosjekt frå parkeringsplassen ved Vonavatnet mot østre enden av vatnet – samankopling med kloppe-stien innover mot Nesstølen
- Vidare arbeid med hengebruprosjektet over Dettefossen.
- Småviltkartlegging i grenseområda Naustdal- Jølster – Førde. Vidareføring av prosjekt som ikkje blei sett igang i 2014 som planlagt.
- Følge med gruppa som er utpeikt for å vurdere traktorvegen frå Steinbakken til Nesstølen.

For meir info sjå nettsidene <http://www.kringlen.com/ONU.html> . Viser også til Øvre Naustdal Utmarkslag si Facebook gruppe.

Vi takker nok ein gong Ola Kringlen frå "Vonaportalen" for all hjelp til å legge ut sakene våre.

25.02.15

For styret i ØNU

Normund Svoen